

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv	17/1868

Disponering av midlane frå KMD til Sambandet Vest

Vedlegg :

Referat fra styremøtenr. 2- 2018 (2)

Framlegg til vedtak

Fellesnemnda godkjenner at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune. Askøy kommune sin del av utgiftene, 15 %, blir dekkja av Askøy kommune.

Fellesnemnd - 031/18

FN - behandling:

Det vart stilt spørsmål ved J.Askeland sin habilitet som styremedlem i Sambandet Vest AS. Fellesnemnda gjorde samrøystes vedtak om at han er inhabil.

Leiar i fellesnemnda, Øyvind Oddekalv, er sakshandsamar i denne saka. Fellesnemnda gjorde samrøystes vedtak om at han er inhabil. Det vart tatt opp under handsaminga av saka at sakshandsamar ikkje automatisk er inhabil. Det vart no gjort samrøystes vedtak om at han er habil og kan delta i handsaming av denne saka.

Framlegg frå S.Toft-V Lindås:

- Fellesnemnda meiner at vegtraseen Sambandet Vest vil ha høg kostnad og avgrensa nytte, og at prosjektet må avsluttast.
- Midlane bør nyttast til å planleggja/prosjektera trafikktryggleikstiltak i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda ber om at det vert lagt fram ei sak om at ein del av midlane kan brukast til planlegging av Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru, jmf. KMD midlane.

Framlegg i saksutgreiinga vart vedteke mot 1 røyst (S.Toft)

Framlegg frå S.Toft:

Pkt 1 fekk 1 røyst, S.Toft, og fall.

Pkt 2 fekk 1 røyst, S.Toft, og fall.

Pkt 3 vart samrøystes vedteke.

FN - vedtak:

Fellesnemnda godkjenner at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, 15 %, blir dekkja av Askøy kommune.

Fellesnemnda ber om at det vert lagt fram ei sak om at ein del av midlane kan brukast til planlegging av Landsvik - Moldekleiv, tilførselsveggar på Radøy og ny Alversund bru, jmf. KMD midlane.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fellesnemnda gjorde i sak 006/18 *Sambandet Vest – godkjenning av bruk av midlar*, slikt vedtak:

Fellesnemnda godkjenner at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, 15% blir forskottert av midlane tildelt Sambandet Vest AS, mot at Askøy kommune stiller ein kommunal garanti på beløpet.

Fellesnemnda anser midlane som som prosjektmidlar og skal ikkje nyttast til administrasjon av selskapet.

Sidan den gongen har styret i Sambandet Vest AS sagt opp avtalen om dagleg leiar med Askøy kommune og førespurd Meland kommune om å overta den daglege leiinga av selskapet. Meland kommune har svart positivt på dette, til ein lågare kostnad enn det ein har betalt til Askøy kommune. Samstundes er det no berre eitt privat selskap som har signalisert at dei framleis ønskjer å vere på eigarsida av Sambandet Vest AS, og styret har stilt spørsmål med om det er føremålstenleg å vidareføre arbeidet med prosjektet Sambandet Vest gjennom eit aksjeselskap. Sjå vedlegg frå styremøte 16. mars 2018. Dette vart det og orientert om på førre møte i fellesnemnda.

På denne bakgrunnen har det vore eit eigarmøte i selskapet og konklusjonen derifrå er at ein ønskjer å avvike selskapet, men jobbe vidare med vegprosjektet. Ein måte er å organisere dette arbeidet som eit prosjekt med ei administrativ arbeidsgruppe, ei politisk styringsgruppe og ei referansegruppe med representantar frå næringslivet. Styret vil arbeide vidare med sikte på å leggje ned selskapet og komme med ei eit forslag til korleis arbeidet med prosjektet kan organiserast. Dette vil det bli lagt fram sak om til handsaming i kommunestyra i eigarkommunane i juni.

Slik situasjonen for selskapet er no, er det ikkje naturleg at selskapet set i gang det arbeidet som fellesnemnda vedtok i sak 006/18. For å komme i gang med arbeidet med å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedalplan for vegtraseen, kan ei

løysing vere at fellesnemnda vedtar å be Meland kommune om å setje i gang arbeidet med dette. Dette betyr at eit anbod for arbeidet kan bli utlyst før sommaren. Dersom ein skal vente på at selskapet skal leggjast ned og ei ny organisering av prosjektet skal vedtakast, vil ingenting bli gjort før sommaren.

Fellesnemnda bør og gjere ei vurdering om Alver-kommunane sine kostnader til styringa av prosjektet skal dekkjast av midlane som er gitt av departementet.